



1980

Mac Wilkins vann på Meisingset i 1980. Kastledar Bjørn Aslak Gjøvikli passar på at forholda er optimale for den amerikanske vinnaren frå OL i Montreal, Canada i 1976.



1981

Utøvarar som kjem langt i frå, frå venstre, ståande: Peter Pearls frå New Zealand, 400-meter-spesialisten Mike Solomon, Trinidad, Merlene Ottey frå Jamaica, Don Quarrie, Jamaica (bak) og James King frå USA.

Merlene Joyce Ottey var fødd i 1960 Jamaica, men bur no i Slovenia. Ho har vunne 20 OL- og VM-medaljar, men ingen OL-gull. På Meisingset vikka ho foten på danseplatten og kunne ikkje stille.

Donald O'Riley Quarrie var fødd 1951 på Jamaica. Prestasjonane hans frå OL i 1976 var ein inspirasjon for den unge Merlene Ottey. Han tok gull på 200 m og sølv på 100 m. Ein skule i Kingston er oppkalla etter han, Donald Quarrie High School. Han var ein av verdas beste sprintarar i 1970-åra.



1981

James King går over mål og vann 400-meteren i 1981 framfor Bo Breigan frå Fredrikstad. Bo Breigan har lenge vore aktiv i veteranidretten og i opplæring av unge utøvarar i Fredrikstad.



John Powell, USA, kasta diskosen 66,26 m i 1981, ein banerekord som står i dag.



Her er det kraftkarar, som ligg på 110-115 kg kvar og som treng mykje mat. Men da dei kom til Kvernberget og skulle hentast i bil, hjelpte det ikkje med 40 pund i alle dekk. Særleg når dei kom med kvar sin bag med masse diskosar kvar! Frå venstre: John Powell, Øystein Bjørnbæk, Knut Hjeltnes og Mac Wilkins.



1982

Bradley Cooper frå Bahamas var tidenes tyngste på Tingvolllekenene med sine 140 kg. Men han vart slått av Knut Hjeltnes i 1982.

## LEIF ROAR FALKUM SER TILBAKE

*Eg ringer ein veteran frå Tingvolllekenene, Leif Roar Falkum frå Sunndal, og stiller han spørsmålet kva leikane har betydd for han. På telefon frå Strømmen ved Oslo kom det masse tankar og minne:*

«Det er ikkje enkelt for meg å seie med ord kva Tingvolllekenene betydd for meg. Det er så mange fine minne. Og det var utruleg sterk opplevelse å vere med på Tingvolllekenene.

### Før sjølve leikane

Men for meg starta kontakten med IL Triumf før eg vart med på sjølve leikane. Det første minnet er eit kretsmeisterskap på Meisingset da eg var 11-12 år. Det var mange deltakarar. Eg trur det måtte vere 18-20 deltakarar i årsklassen min. Det var første gongen eg tevla utafor Sunndalen. Da vi skulle få startnummera våre, vart eg ropa opp som «Kåre Talkum», noko eg heldigvis ikkje fekk som tilnamn etterpå. Resultata var ikkje oppsiktsvekkande; eg vart sist i kast med liten ball, nest sist på 60-meteren og tredje sist i lengde. I ettertid har eg alltid forstått kor viktig det er å ikkje miste trua på unge utøvarar! Eg hugsar og kor spennande det var å delta på eit innomhusstemne på vinteren i ungdomshuset på Meisingset. Vedfyring og intense øyeblikk når det vart hoppa stille høgde.

### Sykla som 14-åring

Før eg sjølv var stor nok til å få vere med på Tingvolllekenene, sykla eg som 14-åring frå Sunndalsøra til Meisingset for å sjå på NM i mangkamp. Det stort var å få autografen til Hans B. Skaset og Maj Lena Andersen!

Nordmøre hadde gode høgdehopparar på 60-talet! Anders Kamsvåg og Bjarte Holmeide var verkeleg store idol! Eg starta på gymnaset på Tingvoll som 15-åring, og Bjarte instruerte meg og Nils Ulvund frå Ålvundfjorden i høgde.

### Var med som 19-åring

Eg meiner å hugse at eg var 19 år da eg deltok på Tingvolllekenene første gongen. Eg var junior, og hoppa mitt første tresteghopp i konkurranse, 14,04, og leda konkurransen framfor sjølvaste Odd Bergh! Men det endelege resultatet vart ikkje slik, sjølv om eg trur det var kretsrekord for juniorar. Eg var for treg til å bli nokon stor tresteghoppar.

Tingvolllekenene var eit verkeleg sentralt arrangement i norsk friidrett, det var nærmast tale om ein kult-status! Alle snakka varmt om Tingvolllekenene. Og sjølv sagt hugsar eg ein mann spesielt godt. Det var Laffen Meisingset. Laffen var ei stor personlegheit med stor utstråling, og han var berre synonym med friidrett! Under stemnet var Laffen over alt, så vi skjønnte godt at det var han som var sjefen.

### Sportsandakt på søndag

Det er ein ting eg aldri har opplevd annan plass enn på Tingvolllekenene, uansett kvar eg har vore i inn- og utland. Det var sportsandakt før øvelsane starta på søndagane. Det var høgtidleg når sjølvaste prosten for Indre Nordmøre, Karl Gåsemyr kom og heldt andakt.

Seinare, da eg var kommen i den norske eliten, var det å delta på Tingvolllekenene som å komme heimatt til det starta. Og det var stort for dei eg kjente på landslaget også. Det var eksotisk, med tre løpebanar med ei lengd på ustandardiserte 279 meter. Og det private losjementet sette tilreisande stor pris på.

### Eit kyndig publikum

Det var ikkje lett å hoppe høgde på Meisingset, men det hjelpte da det etter kvart vart kjøpt inn tilløpsmatter. Men det var trangt, og vi måtte starte tilløpet heilt oppe på tribunen, mesta! Men det var ein fantastisk atmosfære, og eg trur eg aldri deltok på noko anna friidrettsstemne med eit så kyndig publikum, dei «kunne» friidrett på Meisingset!

### Plattdans laurdags kveld

Så var det dans på platten om laurdagskvelden. Men vi som ikkje overnatta, men reiste heim, vart det lite med dansen. Ein kamerat av meg hadde veldig lyst til å dra på Tingvolllekenene, men han fekk ikkje lov av foreldra. Og det var akkurat dansen om kvelden som var den store stygge ulven. Men med nokre usannheiter kom kameraten seg likevel av stad- og fekk med seg plattdansen også. Men eg visste ikkje at dette var hemmeleg, så eg greidde å røpe dette for far hans. Da det kom for ein dag at han hadde vore på plattdans på Meisingset, vart det huskestue! «Alltid ska æ vær så uheldig», fekk eg høyre.»

